



Grunnlag og føremål - ei utdjuping av NLA Høgskolens vedtekter

Vedteke av styret 31.03.2020



Verksemd

NLA Høgskolen AS er eit ideelt aksjeselskap med ikkje-kommersielt formål. Verksemda til selskapet er å drive akkreditert høgskole i samsvar med universitets- og høgskolelova, med lokalisering fleire stader i landet (Vedtektene § 3).

NLA Høgskolen tilbyr utdanning for kvalifiserte søkjarar utan omsyn til livssyn. Høgskolen arbeider med undervising, vegleiiing, forskning, formidling og fagleg og kunstnerisk utviklingsarbeid, i samsvar med anerkjente vitskapelege, kunstfaglege, pedagogiske og etiske prinsipp. Oppdraget er grunn-gjeve og forankra i den kristne og humanistiske tradisjonen som høgskolen står i. NLA Høgskolen skal fremje og verne akademisk fridom. Desse oppgåvene og pliktene er pålagt institusjonen etter gjeldande norsk lov, som også gir institusjonar rett til å utforme sitt eige faglege og verdimesseige grunnlag.

Med dette som utgangspunkt representerer NLA Høgskolen eit verdi- og livssynsmessig alternativ i høgskolesektoren.

Basis

NLA Høgskolen byggjer på den kristne trua slik ho kjem til uttrykk i Bibelen og den evangelisk-lutherske vedkjenninga (Vedtektene § 5).

Det er sentralt i vårt grunnlag at alle menneske er gitt ein særeigen verdi, uttrykt i trua på at mennesket er skapt i Guds bilete, og derfor ukrenkjeleg. I Jesu forkynning blir alle menneske omtala som vår neste. Det inspirerer til eit sterkt engasjement for svake, undertrykte og utstøytte. Fordi alle menneske har same verdi, skal dei også møtast med kjærleik og respekt, med krav på livsvern frå unnfanging til naturleg død, og omsorg i alle fasar av livet.

Dette forpliktar til høgt medvit om yrkes- og forskningsetikk, og ein yrkespraksis som kjem vår neste til gode. Vi blir utfordra til å vere gode førebilete og fremje alt som er sant og godt. Derfor tilbyr vi studium kjenneteikna av danning og kvalifisering til teneste, under mottoet «- fordi nokon treng deg».

Kristen tru vedkjenner at Bibelen er gitt oss av Gud og formidlar Guds openberra ord til menneske til alle tider. I den evangelisk-lutherske tradisjonen NLA Høgskolen står i, blir Bibelen rekna som bindande norm for kristen tru, lære og liv.

Eit sentralt nøkkelord i kristen etikk er at mennesket er sett til å forvalte. Det er vi kalla til å realisere på det globale planet, så vel som på det lokale og individuelle. Dette inneber t.d. at forvaltaransvaret gir føringar i møte med samtidas klimautfordringar og i spørsmålet om ei rettferdig fordeling og berekraftig og kreativ forvaltning av ressursane på jorda.

I lys av forvaltaransvaret er også familiens situasjon og barns og unges oppvekstkår ei samfunns-sak. NLA vil halde fram foreldras ansvar for, og rett og plikt til, å oppdra borna sine og gi dei omsorg. Ekteskapet mellom mann og kvinne er i den tradisjonen NLA Høgskolen står i, forstått som berande norm i samlivsetikken. På det individuelle planet vil verdiar som forplikting, truskap, respekt, tilgjevning og tillit stå sentralt i alle menneskelege relasjonar. I yrkesetikken har det til følge at vi er tenarar for, aldri herrar over, andre menneske.

I følgje kristen tru er vi feilande menneske som treng nåde og tilgjeving, og at ein ny start er mogleg. Dette ønskjer vi å praktisere i eit levande gudsteneste-, andakts- og bønreliv ved høgskolen.

Føremål

Ut frå ei kristen forståing av natur, menneske, kultur og samfunn har NLA Høgskolen som formål å fremje danning, dyktiggjere menneske til teneste i heim, arbeid og fritid, og bidra kritisk og konstruktivt til å møte lokale, nasjonale og globale utfordringar.

NLA Høgskolen har forskning, utviklingsarbeid, undervising, vegleiing og formidling som sine viktigaste oppgåver og vil leggje til rette for eit godt fagleg, sosialt og kristent miljø for studentar og tilsette, med respekt for livssynet til den enkelte. NLA Høgskolen vil gi hjelp til livs- og kulturtolking, vie grunnlagsspørsmål stor merksemd, studere sentrale prosessar og berande institusjonar og strukturar i kultur og samfunn, og stø fleirfaglege tilnærmingar. NLA Høgskolen vil bidra til danning av etisk medvit og fremje grunnleggande kristne haldningar og verdiar (Vedtektene § 6).

Tilsette ved NLA Høgskolen vil på dette grunnlaget arbeide i eit fellesskap der dei i konstruktivt samvirke realiserer høgskolens formål, i lojalitet mot høgskolens grunnlag.

«Ut frå ei kristen forståing av natur, menneske, kultur og samfunn har NLA Høgskolen som formål å fremje danning, dyktiggjere menneske til teneste i heim, arbeid og fritid, og bidra kritisk og konstruktivt til å møte lokale, nasjonale og globale utfordringar.»

